

Runde Miljøseier og Sunnmøre Friluftsråd arrangerer arbeidsseminar om marin forsøpling på Runde komande helg. Plastfritt Hav er blant dei som vil vere stades og presentere sitt arbeid på seminaret der både frivillige, private og offentlege aktørar er invitert.

Robot skal rydde Giske-hamner

Plastfritt Hav har gått til innkjøp av rydderobot for marint søppel, som truleg blir sjøsett i januar. Med spleis frå innbyggjarar i Giske har dei kanskje greidd å dekke inn utgiftene innan den tid.

KRISTOFFER OFTEDAL

kristoffer@oyblikk.no

– I Giske er alt avfall på av-vegar marint avfall fordi vi er så nær sjøen, seier dagleg leiar Bente Henriksen Fiskerstrand i Plastfritt Hav. Rett over over nyttår fekk den frivillige organisasjonen tilslag på ein rydderobot for marint søppel – ein såkalla PortBin, som er utvikla av oljevarnselskapet Spilltech. Denne byggjer på prinsippet frå oljeskimmerar, men laga for rydding i mindre målestokk, slik som hamner der søppel hopar seg opp. Om ikkje lenge skal den altså bli testa ut i Giske.

Måler også mikroplast

Plastfritt Hav sin hårete visjon er, som namnet tilseier, null plast (og anna avfall) i havet. Til det trengst først og fremst haldningsskapande arbeid og kunnskapsformidling, men ei spennande side ved PortBin er at den med eit finmaska nett også måler nivå av mikroplast.

– Då kan vi føre statistikk og seie om, la oss seie ti år, at no er plastnivået so mykje høgare – eller helst lågare, fortel Ina Giske.

Kronerulling

Plastfritt Hav har gått til innkjøp av ein lett brukt utgåve – etter at førre eigar ikkje lukkast å få til nokon god avtale med kommunen der den skulle "jobbe". Dermed fekk dei ein



PLING: Ina Giske (t.v.) og Bente Henriksen Fiskerstrand får gladmelding om at transport er ordna, til ein gunstig pris.
Foto: Kristoffer Oftedal

RYDDEROBOT: PortBin ser mest ut som ein bossdunk der mesteparten ligg under vasskorpa. Ein propell under vatn lagar strøymingar i dei øvste vasslaga slik at søppel som ligg og flyt blir trekt mot maskina og samla i ein liten konteiner. Foto: SpillTech

robot til ein verdi av om lag syttifem tusen kroner, for berre tretti tusen.

– Det er sunnmørsanden, veit du, smiler dagleg leiar Fiskerstrand.

– Vi går for gjenbruk. Vi vil vere med på å teste dette, men ikkje for ein kvar pris, legg Giske til.

Det handlar også om at organisasjonen ikkje har den heilt store kapitalen. Utlegget til rydderobota håpar dei å få dekt med eit lite spleiselag. I skrivande stund har kronerullinga som Ina Giske har sett i gang på spleis.no fått inn fire tusen kroner, altså tusen kroner dagen. Held det fram slik er

rydderobota dekt inn på ein månad.

– Det er fyrste gongen vi frir til lokalbefolkninga, understrekar Fiskerstrand.

Opplegg i skulen

PortBin, som har eit par år på marknaden, blei først testa ut etter oppdrag frå Sandefjord hamn. På ein god dag samlar Sandefjord-roboten opptil 100 liter søppel, fortel hamnesjef Karl Oskar Jørgensen til Teknisk Ukeblad. Sidan 2017 har roboten også blitt tatt i bruk mellom anna i Stavanger, Bærum, Larvik og Kristiansand. I Bergen er roboten kjøpt inn av kommunen og har fått namnet

"Slurpen". Der har ein også gjort skuleprosjekt ut av det, der elevar har sort analysert innhaldet ein har samla inn. Noko slikt jobbar Giske og Fiskerstrand aktivt med å få til også her heime, med sitt eige undervisningsopplegg for skulane.

Sjøsetjing i januar?

Medan dei to engasjerte dame-prater, tikkar ei melding inn på telefonen til Fiskerstrand. Ho har fått napp med Rekdal Transport om frakt av rydderobota frå Telemark.

– Yess! utbryt ein strålende fornøgd Ina Giske. Dermed ligg det an til sjøsetjing i Giske i

løpet av januar månad, i fyrste omgang i hamna ved hurtigbåtkaia på Valderøya. Bosset må tømast manuelt, dagleg – i fyrste omgang truleg av damene sjølv før ein får på plass eit samarbeid med til dømes skular og barnehagar.

– For oss er det gunstigast å begynne der, blant anna med straum og fasilitetar på Johansbuda. So får vi sjå korleis ting fungerer og lære før vi testar ut til dømes i Geilevika eller på Gjosund eller andre stader i kommunen. Men dette skal vi løyse på ein god måte, avsluttar Ina Giske.



Hoddevik held fram som Venstre-leiar

Giske Venstre hadde årsmøte måndag, og her vart Thomas Hoddevik på nytt valt som leiar i styret for partiet.

ØYVIND SNORRE MAGELSSSEN GODØ

oyvind@oyblikk.no

– Årsmeldinga for 2018 bar preg av mykje gjennomført politikk, der fleire

LEIAR: Thomas Hoddevik vart på nytt valt som leiar for styret Giske Venstre.
Foto: Privat

større prosessar som mellom anna kommunereform og kommuneplan som dei mest krevjande sakene. Giske held fram som Giske, Godøytunnelen er snart ferdig renovert, vi har beholdt dagens skulestruktur og Skulevegen på Giske er i ferd med å bli realisert. Vi takkar eit kommunestyre som saman har fått til mykje til trass for Robek status, seier leiar Thomas Hoddevik.

Årets styre

Med seg i styret får han Ole Furnes, Anne Lovise Stornes Ytterland, Svein Gjosund og nykomar Christian Ingvaldsen. Vara-medlem er Britt Dagny

Nikolaisens og Jan Ove Skodje. I pressemeldinga fortel dei at no er det fullt fokus på kommunevalet i september og siste innspurt i listestillinga.

– Lokaldemokratiet gjer ikkje seg sjølv, nokon må gjere jobben. Vil du bidra og gjere ein innsats på vegne av fellesskapet er det berre å ta kontakt, skriv dei i ei pressemelding.

På møtet var også Britt Giske Andersen som i tillegg til å vere i Giske Venstre, også er fylkesleiar for Møre og Romsdal Venstre. Ho stiller på 2. plass til fylkestingsvalet med Pål Farstad på topp.